



Nye Ålesund kommune

Styringsgruppas arbeidsutval (AU)

Referat frå møte 5

Stad: Ålesund rådhus
Dato: 15. desember 2016
Tid: Kl. 13:00 - 15:05
Til stades: Eva Vinje Aurdal (Ålesund), Oddvar Myklebust (Sandøy) og Dag Olav Tennfjord (Skodje). Karen Simonnes Aanes (Ørskog) meldte forfall.
Andre: Roar Reiten og Astrid Eidsvik (i deler av møtet)

Møtet var avtalt i AU sitt siste møte.

Agenda:

1. Stillingsinstruks for prosjektkoordinatoren

Dag Olav Tennfjord og Bente Glomset Vikhagen har utarbeidd utkast til instruks.

Konklusjon:

Arbeidsutvalet ber Tore Hals lage ei ny skisse ut frå diskusjonen i møtet. Skissa blir sendt til medlemene for godkjenning.

2. Deltaking på seminar om Arbeidsgjevaransvar i omstillingsprosessar – korleis bygge felles kultur og identitet

Arbeidsgruppa er kjent med at tillitsvalde og verneombod er usikre på om deira deltaking på seminaret 25. og 26. januar.

Konklusjon:

Personalleiarane sender ut felles informasjon om dette.

3. Utlysingstekst for stillinga som prosjektleiar for prosjektet lokaldemokrati og medverknad

Anne Mette Liavaag har utarbeidd utkast til tekst.

Konklusjon:

Utkastet, med nokre mindre endringar som Roar Reiten innarbeider i teksta, er godkjent.